

5/2010

NOTAT

Jan Fredrik Hovden

DET NORSKE JOURNALISTISKE FELTET

Nokre sosiale og mentale strukturar



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

Forfattar	Jan Fredrik Hovden
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

ABSTRACT

Using survey data on 1203 members of the Norwegian Union of Journalists and the Union of Editors, in this article a model of the basic structure of the Norwegian journalistic field in 2005 is sketched by correspondence analysis. The analysis, oriented by the sociology of Pierre Bourdieu, suggest a bipolar structure broadly similar to other cultural fields; a first dimension of capital volume which is also linked to age, and a second dimension which oppose agents with higher and lower volume of internal recognition, which is to say, a specific type of symbolic capital (journalistic capital). The details of this structure is discussed in regard to the distribution of various forms of capital, the placement of various types of media publications, journalistic specialisations, agents' habituses and a variety of other factors. Special attention is given to the homology of this social cosmos with a specific journalistic cosmology of basic journalistic beliefs and position-takings in major journalistic struggles. Using data on journalists' role models and winners of journalistic prizes, further discussion is given on the charismatic nature of journalistic capital, its variation and strategic aspects in upholding symbolic dominance in this microcosm.

INTRODUKSJON¹

Max Weber - som sjølv var ein akta politisk journalist i si tid - seier i "Politik als Beruf" (1988c) at god journalistikk krev like mykje intellekt som nokon form for vitskapleg arbeid, men at journalisten må arbeide under svært spesifikke avgrensingar. Weber framheva effekten av tidspress og avisas organisasjon, to tema som seinare har vore viktige i moderne studiar av nyheitsproduksjon². Andre viktige tradisjonar innan journalistforskinga har fokusert på journalistikken sin varekarakter og effekten av økonomisk konkurranse på det journalistiske produktet³.

Med utgangspunkt i Pierre Bourdieu sine teoriar om sosiale felt kan ein supplere slike tradisjonelle fokus med eit anna sett av strukturar som er mindre openberre, men truleg minst like viktige som dei førenemnde, nemleg eit *journalistisk felt* og journalistane sin *habitus*. Feltomgrepet framhevar journalistikken som eit mikrokosmos med ein viss indre logikk, sine eigne (iformelle) lover og struktur, der deltakarane kjemper ein ulik kamp om intern anerkjenning - ulik fordi deltakarane sine sjansar i desse stridane er knytt til deira relative posisjonar, som igjen er gjeve ved deira akkumulasjon av ulike typar ressursar som er internt viktige (*kapital*). I strid med profesjonell ideologi som insisterer på eit skilje mellom det private og det profesjonelle liv, er heller ikkje journalistar *tabula rasa* i det dei går inn i yrket, men har ein *habitus*: eit sett disposisjonar, tilbøyeligheter til å tenke og handle som har opphav i spesifikke sosiale erfaringar, som gjennom deira møte medfeltet og karriere i dette er utmeisla i ein *journalistisk habitus*.

Som eg skal kome attende til, er det utviklingstrekk i norsk journalistikk som peikar i retning av at ei feltilnærming kan vere fruktbar. To andre argument er òg mangelen av prosopografiske⁴ studiar av journalistiske felt internasjonalt og av norske sosiale felt meir allment⁵. Samstundes har feltteorien mange tiltalande teoretiske eigenskapar. For det fyrste gjer det ein i stand til å sjå journalistar som kreative og strategiske agentar, uten at ein mistek deira sjølvforklarings for vitskaplege forklaringar. Det gjer og at ein kan forstå deira praksisar som strukturerte uten å vere ei direkte *avspegling* av desse strukturane (som i krass økonomisk- eller klasse-determinisme, som journalistikk som "berre" eit resultat av avisas sin marknadsposisjon eller journalisten sin klasseposisjon), og minner ein om at førande strukturar kjem i mange formar: økonomisk marknad, kjønn, klasse, grad av indre anerkjenning, alder osb. - som må studerast samstundes for å framstå som meiningsfulle. For det tredje gjer feltfokuset ein var for journalistikken som ei konfliktfylt, hierarkisk og pluralistisk verd, der dominante journalistiske klassifikasjonar ("ein god journalist", "ikkje eigentleg journalistikk", "ein naturleg prisvinnar") er eit utkomme av daglege stridar i feltet mellom agentar med ulike synspunkt og svært ulike sjansar (gjennom ulik kapital) til å nå fram med sitt syn.

I denne artikkelen vert presentert ei skisse til nokre sentrale strukturar i det norske journalistiske feltet, med utgangspunkt i ein korrespondanseanalyse av ein survey av 1203 medlemer i Norsk journalistforening (NJ) og Norsk redaktørforening (NR) i 2005. I tillegg til å antyde skilje i sosial rekruttering og indre posisjonar i feltet, vert samanhengen mellom denne strukturen og posisjonstaking i sentrale debattar i journalistikken drøfta. Til slutt vert gjeve ei meir inngående drøfting av eigenskapar ved den symbolsk kapitalen i dette feltet, og denne si rolle i oppretthaldning av symbolsk dominanstilhøve.

1 Denne artikkelen er ei oppsummering av nokre sentrale poeng i mi dr. avhandling *Profane and Sacred* (Hovden, 2008). For utdjuping av analysene og metoden syner eg til denne teksten, som og ligg tilgjengeleg i fulltekst på nettet.

2 Nokre klassiske tekstar her er David Manning White's studie av journalistiske portvaktarar (1950), Peter Golding og Philip Elliot's *Making The News* (1979) og Philip Schlesinger's studie av BBC, *Putting Reality Together* (1978)

3 Sjå td. Golding og Murdoch (1991), Allern (2001) og Høst (1996).

4 Ein prosopografi er ein type kollektiv biografi av eit sosialt mikrokosmos, der individ sine bakgrunnar og posisjonar (i brei forstand) vert gjort gjenstand for ei omfattande empirisk samling og analyse. For ein introduksjon til den franske prosopografiske tradisjonen, sjå Broady (2002). Av Bourdieu sine verk er *Homo Academicus* (1988) ein av dei meir kjende døme på ein slik analyse.

5 Om feltteorien sjølv sagt er eit veletablert perspektiv i norsk sosiologi, finst det få større feltstudiar av prosopografisk type. Eit unntak er Hjellebrekke og Korsnes (2005; 2007) sine studiar av det norske maktfeltet. Høstaker (1997) sin studie av akademikarar ved to fakultet i Bergen bør òg nemnast her.

JOURNALISTYRKETS SOSIALE STRUKTURERING

I Noreg vert journalistikken ofte referert til som eit “ope yrke”, og som alltid løyner slike tilvisingar til formell likskap ein ulikskap i praksis. Som for alle andre yrke, skil journalistar seg systematisk ut ved eit særskild utval av sosiale bakgrunnar og livserfaringar. Dette var eit tema allereie i den fyrste maktutgreiinga på syttitalet, der det vart konkludert med at yrkesgruppa hadde “en sterk høystatuspreget sosial bakgrunn” og at “de med arbeidere, gårdbrukere og fiskere som fedre er sterkt underrepresenterte” (Lorentzen og Hoyer, 1976ii,15). Kva er så situasjonen i dag? Ikkje så ulik.

Eit inntrykk av rekrutteringa til journalistyrket i perioden 1980-90 kan ein få ved å studere tabell 1, som syner dei relative sjanske (odds ratio) for born av fedre i ulike yrkesgrupper til å jobbe som journalist ved 30-35 års alder, samanlikna med born av ufaglærte industriarbeidarar. For samanlikning er same tal inkludert for ingeniørar, kunstnarar, lærarar, juristar og legar.

Tabell 1. Relative odds for å vere i ulike yrkesgrupper ved 30-35 års alder, etter fars yrke. 1950, 1955 og 1960-kohortar. Born av far ufaglært industriarbeidar = 1.

BARNETS YRKE VED 30-35 ÅRS ALDER							
		Journalist	Ingeniør	Kunstnar	Lærar	Jurist	Lege
FARS YRKE	N	297	3123	286	4187	143	462
Akademikar	98	3,7	0,9	0,0	2,4	0,0	7,7
Høgare stilling i offentleg administrasjon	627	1,7	1,4	4,0	3,0	5,3	7,8
Lege, tannlege, farmasøyt	282	2,6	0,9	1,8	3,8	8,8	43,7
Jurist	108	0,0	1,6	0,0	2,5	57,0	29,4
Lærar, vidaregåande	602	3,0	1,1	1,7	5,0	1,4	6,2
Leiande stilling i industrien	1961	3,1	1,6	3,3	1,8	5,9	4,2
Lærar, grunnskule	542	1,3	0,9	7,5	3,6	0,0	5,5
Ingeniør	1112	1,6	2,5	3,6	1,9	3,0	5,0
Lågare stilling i offentleg administrasjon	383	0	1,8	1,3	2,0	0,0	3,9
Journalist	97	11,4	1,2	0,0	2,4	8,6	3,8
Handel	2832	1,9	0,9	2,1	1,7	2,6	3,3
Kontor/serviceyrke	3215	1,0	0,8	0,9	1,8	2,1	1,3
Handverkar	2266	0,8	1,0	1,1	1,0	0,7	1,5
Ufaglært industriarbeidar	14001	1	1	1	1	1	1
Bonde	5199	0,7	0,7	0,7	1,5	1,0	0,7
Fiskar	1179	0	0,6	0,0	1,1	0,0	0,6
Anna yrke	12569	1,5	1,2	1,7	1,7	1,6	2,1

Kjelde: SSB Generasjonsdatabasen

Ein kan notere seg fyrst at journalistyrket har ein viss tendens til *reproduksjon frå far til born*, der eit born av ein journalist har over ti gongar så høg sjanse for å verte journalist enn born av ein ufaglærte industriarbeidar, og at denne tendensen framstår noko sterkare enn for born av ingeniørar og lærarar, men langt svakare enn for born av juristar og legar, to yrkesgrupper som framstår langt meir lukka for sosial mobilitet enn journalistyrket. Dette sagt er det openbart ei overrekuttering til journalistyrket frå middel- og høgare sosiale lag (born av akademikarar, legar, lærarar på vidaregåande og industrileiarar er klart overrepresenterte) og born frå arbeidarklassene er langt på veg fråverande frå dette “opne” yrket.

I offentlege ordskifte i Noreg som omhandlar journalistar si rekruttering har det vore ein tendens til å drøfte journalistar som ei uidentifisert masse - som i “journalistar” kontra “publikums” politiske preferansar⁶. Eit slikt fokus, om ikkje utan ein viss pedagogisk verdi, er likevel dømd til å ofte løyne dei mest

6 Jamfør til dømes Aarebrot (2003).

interessante strukturane og framheve dei mest overflatiske, då konsekvensen av slik sosial ulikskap ikkje stoggar på dørstokken til journalistyrket: Ulike journalistiske posisjonar, publikasjonar og spesialiseringar i Norge rekrutterer svært ulikt sosialt.

Ser ein til dømes på redaktørar, finn me at sjansen for å ha ein slik posisjon stig med den sosiale bakgrunnen, og meir for byredaktørane enn distriktsredaktørane (Hovden, 2008:74). På liknande vis aukar sjansen for å arbeide i ein av dei mest prestisjefulle publikasjonane (i praksis: dei store byavisene og -media) når ein går oppover i det sosiale hierarkiet, men sjansen til å arbeide i dei mindre prestisjefulle - som små lokalavisar - går ned (tabell 2). Eit born av ein lærar som har gått inn i journalistyrket har td. fem gongar mindre sjanse til å arbeide i ei lite lokalavis som born av ufaglærde industriarbeidar, men ni gonger større sjanse for å arbeide i NRK Oslo. Slike skilje er òg markerte i emna journalistar arbeidar med, kulturjournalistar rekrutterer til dømes sosialt høgare enn sportsjournalistar (Hovden, 2008:75). Kort sagt: *det journalistiske hierarkiet er òg eit sosialt hierarki*, og reflekterer slik til ein viss grad klasseklasseskilnadane i det norske sosiale rommet⁷. Det kan og nemnast at andre-generasjons journalistar har klart større sjansar til å vere byredaktørar og arbeide i dei store bymedia enn andre med liknande klasseklasseskilnadar, noko som tyder på at indre posisjonar av makt og status i det journalistiske feltet i ein viss grad er *reproduserte via arva journalistisk kapital*⁸.

Om ein slik grovt kan vere samd i at journalistikken er prega av ei middelklasserekruttering, som Audun Lysbakken gjer i ein kronikk i Morgenbladet 13. februar i fjar, er det likevel problematisk å gå frå dette til å sjå journalistikken direkte avspegle middelklassen sine disposisjonar og kultur. Sjølv om studiar av journaliststudentar syner at ein kan finne tydelege skilnadar i journalistiske orienteringar som fylgjer kjønn- og klasestrukturar - mannlege studentar er t.d. meir tilbøyelige til å prioritere fotball og lokale jenter som stiller opp i Playboy som viktige saker enn kvinner gjer, og studentar med privilegerte sosiale bakgrunnar verkar oftare eit meir elitistisk syn på publikum som ei fjern og underforliggende masse (Hovden, 2008:90-101), kan ikkje disposisjonane i habitus uttrykkast nakne og usensurert i journalistikken, dei må med ein Freudiansk språkbruk *eufemiserast*, tilpassast normene og skiljelinjene i journalistiske felt (som kan konseptualiserast på ulike nivå - frå redaksjonen/publikasjonen som mikrofelt til eit meir overgripande nasjonale felt) og har ulikt realiseringspotensiale gjeve eins posisjon i feltet. Eit einsidig fokus på journalistar sin klasseklasseskille eller berre publikasjonane sitt publikum og marknadsposisjon er begge alvorlege kortslutningar fordi dei misser eit sentralt forklarande element: det journalistiske feltet sin struktur og logikk.

JOURNALISTIKKEN SOM SOSIALT FELT

SUR LA TÉLÉVISION

Tanken om at moderne journalistikk kan forståast fungerande som eit sosialt felt vart fyrst utbrodert av Bourdieu i artikkelen "L'emprise du journalism" (1994)⁹. Denne utgjorde ein viktig del av grunnlaget for to fjernsynsforelesingar på *Paris première* i 1996, seinare publisert i *Sur la télévision* (1996c) - på norsk som *Om fjernsynet* i 1998. Boka vakte stor debatt i Frankrike (om ikkje i Norge). Dels var ho positivt motteken, men boka vart òg kritisert av journalistar og medieforskarar ikkje berre for å oversjå variasjonen i den journalistiske verda, men òg for å undervurdere journalistar sitt innsyn i problema Bourdieu nemnde - som at journalistar aktivt konstruerer verda dei hevdar å representer, fjernsynet si store makt over journalistikken og over vanlege folks verdsbilete, journalistikken si undergraving av dei intellektuelle felta si uavhengigkeit, dei politiske debattprogramma sin skjulte sensur gjennom seleksjon av deltakarar og kontroll over meiningsytringar osb. I høve *Om fjernsynet* er kritikken dels forståeleg, om ikkje helt rettvis.

7 Om dette er sant på eit generelt nivå, er dette sjølv sagt ei forenkling av ein kompleks struktur. Td. avvik journalistar i magasin og fagtidsskrift (spesielt dei siste) noko frå dette mønsteret ved å kombinere relativt låg journalistisk prestisje ved noko meir privilegerte sosiale bakgrunnar enn journalistar i dei mindre avisene.

8 Ei drøfting som må gå ut av plasshensyn er rekrutteringa av journalisteliteane i høve andre sosiale elitar. Her framstår fyrstnemnde vere kjennemerka av relativ høg sosial mobilitet (kjennemerka ved ein relativ låg alder, få fedre med høgare utdanning og liten eigen utdanning). På mange måtar liknar dei slik på dei politiske elitarane, men skil seg frå dei ved å vere svært mannsdominert: berre 19% var kvinner (mot 39% av den politiske eliten). Jamfør (Gulbrandsen, Engelstad et al., 2002; Hjellbrekke og Korsnes, 2005).

9 Merk at ein i forfattarskapen kan finne direkte referansar til eit journalistisk felt allereie midt på åtti-talet (Bourdieu, 1984b; 1984c) og meir implisitt endå tidlegare (han snakkar td. om eit "rom av aviser" <l'espace des journaux> i "The production of belief" frå 1977 (Bourdieu, 1993).

Samanlikna med bøkene som hadde gjort Bourdieu til ein vidgjeten intellektuell i Frankrike, skilde *Om fjernsynet* si pamflettform seg ut: den var svært kort (under 100 sider), skriven i ein populær-polemisk stil med få empiriske referansar, og var ikkje basert i ein empirisk feltanalyse som *Homo Academicus* (1988). Men til forsvar var boka eit klart vitskapleg verk, som formidla sentrale innsikter frå eit tema med ein lang forhistorie i Bourdieu sitt forfattarskap (Hovden, 2008: kap 3.), og også inkorporerte resultat frå nyare empiriske arbeid gjort av kollegaer og studentar i tett kontakt med Bourdieu (spesielt Patrick Champagne (1990; 1991) er eit viktig referansepunkt i boka sin fyrste del).

SOSIALE FELT

Kva gjer det så meiningsfullt å snakke om eit journalistisk felt i Norge, eit eige sosialt mikrokosmos med ein viss grad av indre logikk? Ein kan ikkje gå utifrå at eit journalistisk felt utan vidare eksisterer, då felt er sosiale strukturar som gradvis oppstår og svekkast som fylge av sosiale prosessar. Argumentet her er dels historisk, og dels knytt til observasjon av mekanismar som samsvarar med Bourdieu sine skildringar av felt sin vanlege verkemåte (felteffektar).

Her kan ei kort påminning om feltomgrepet vere opplysende: Feltteorien er ein teori om sosial differensiering i moderne samfunn, med vekt på oppsplittinga i sosiale subsystem og desse sin struktur og verkemåte. Bourdieu held her slik fram sentrale tema i klassisk sosiologi, med arv til til dømes Émile Durkheim sine teoriar om sosial arbeidsdeling og utviklinga av profesjonar med ein eigen type solidaritet ("Soldaten søker militær ære, presten moralsk autoritet, statsmannen makt, industriherren pengar, vitskapsmannen profesjonell vidkjende" (1997:409)). Den tydlegaste koplinga frå feltteorien til klassisk sosiologi går likevel til Max Weber sine religionssosiologiske arbeid, som Bourdieu i sine fyrste feltteoretiske arbeid omtolka til ein strukturell sosiologi (1971b; 1971a). Særskild tydeleg er dei mange parallellane mellom feltomgrepet og Weber sine *verdisfærer*. Weber (1978:812; 1988a; 1988b) såg kunst, vitskap, jus, religion, politikk og erotisk liv som område i samfunnet som historisk har utvikla særeigne rasjonalitetsformer og auka medvit om deira eigenverdi (*Eigenwerte*), sin eigen unike *Legitimität* og *Rationalität*, ein eigen indre logikk eller lov (*Eigengesetzlichkeit*), ein særskild moral og ein relativ fridom frå deira tradisjonelle opphav og andre verdisfærer. Ideen om *l'art pour l'art* - kunst for kunsten sin eigen del og ikkje for å oppnå religiøse, politiske eller kommersielle mål, er eit klassisk døme på dette. Som Weber sine verdisfærer har Bourdieu sine sosiale felt ein historisk betinga relativ autonomi og ein særskild legalitet (ei tru på eigenverdien av ein særskild type symbolsk kapital - kulturell kapital i det kulturellefeltet, vitskapleg kapital i det vitskaplege feltet osb.). Om Weber sine analyser av idealtypar og vektlegging av medvitne sider ved denne legaliteten står fjernt frå Bourdieu sin relasjonelle sosiologi, er feltomgrepet gjennomsyrt av religionssosiologisk terminologi og innsikter frå Weber. Slik har det norske journalistiske feltet - som alle felt - sine prestar og lekfolk, sine trollmenn og kjettar, det har sin *orthodoxi* og *hetrodoxi*, og sin variant av eit religiøst statushierarki. Bourdieu sitt omgrep symbolsk kapital er og - som eg skal kome attende til seinare i artikkelen - tett i slekt med idéen om religiøs karisma hjå Weber, og den journalistiske (symbolske) kapitalen i Noreg har difor fleire viktige fellestrek med religiøse fenomen.

Det historiske argumentet for eksistensen av eit norsk journalistisk felt (her må ein sjølv sagt tale om ulike grader av autonomi) er dei mange parallellane mellom norsk pressehistories *longue durée* og Bourdieu (1996a:47-112) sine skildringar av andre sosiale felt si utvikling. Slik kan ein lese hovudtrekka i norsk pressehistorie som ein gradvis framvekst av ein særeigen form for indre og ytre aksept for journalistikken som viktig og legitim *i seg sjølv*, eller i Bourdieu sin omgrep bruk, framveksten av ein eigen *journalistisk kapital*). Dels tek dette form av ei *indre vending* i journalistikken, i retning av *le journalisme pour le journalisme*, særskild påfallande i etterkrigstida, der journalistane og redaktørane med losninga av banda mellom dei politiske partia og avisene, med Odd Raaum (1999:56) sine ord "... følte seg frie til å bestemme både emner og vinkling, og kriteriet skulle ikke være politisk relevans, definert av politikere, men journalistisk interesse, definert av journalister". Framveksten av eit norsk journalistisk felt tek likevel ikkje til med avpartifiseringa, men er ein gradvis tendens gjennom heile førre hundreår og med linjer attende til - og før - nasjonalstaten si etablering¹⁰.

DATA OG METODE

Journalistiske felt kan skisserast på mange måtar og med ulike typar data, ikkje berre kvantitative. Frå åttitalet og framover tok likevel Bourdieu sine feltanalyser ofte form av statistiske analyser av individ sine kjennemerke. *Distinksjonen* (1984a) er eit døme på denne analysestrategien gjort for det sosiale rommet som heilskap utifrå anonyme surveydata, medan *Homo Academicus* (1988) er eit døme på analyse av eit felt

¹⁰ For ei drøfting av norsk pressehistorie i eit feltperspektiv, sjå (Hovden, 2008:109-127). Liknande argument er fremja i både Eide (2000) sin norske redaktørhistorie og i Slaatta (2003:49-83).

basert på biografiske data (dødsannonser, kven-er-kven-bøker, avisintervju mm.). Når korrespondanseanalysen vart den føretrekte måten for Bourdieu å konstruere sosiale felt på er dette fordi teknikken ligg nær hans teoriar om den sosiale verda som multivariat, relasjonell og strukturert av bipolare opposisjonar (Bourdieu og Krais, 1991; Le Roux, Rouanet et al., 2000).

I tidlege fasar av arbeidet forsøkte eg å konstruere feltet basert på biografiske data om dei journalistiske elitane, men for dette føremål framstod datatilfanget å vere mangelfullt. Biografioversyn over norske journalistar var forelda, og mangla og viktige opplysingar som sosial bakgrunn. Å gjennomføre ein anonym surveystudie framsto difor etterkvart dels naudsynt og dels tiltalande med eigne føremonar for feltanalysen. Viktigast her var moglegheita til å få eit stort og breitt utval av individ (og ikkje berre feltet sine elitar som i *Homo Academicus* sitt døme), og til å gjere ei langt meir omfattande registrering av samanliknberre posisjonstakingar i feltet (i form av haldningar o.l.) enn mogleg med ein biografisk framgangsmåte. Prinsippa for den endelege analysen er gjeve i tekstboksen nedanfor.

Multippel korrespondanseanalyse (Det norske journalistiske feltet 2005)

For å rekonstruere hovudopposisjonane i det norske journalistiske feltet, den relative distribusjonen av journalistane sine habitusar og deira posisjon i den relative fordelinga av ulike typar av makt (kapital) vart det utforma ei multippel korrespondanseanalyse (spesifikk MCA) på eit utval av 1048 medlemer¹⁷ av NJ og NR. Den endelege løysinga hadde 12 spørsmål og 49 aktive kategoriar, som for presentasjonsføremål kan grovt grupperast som fylgjer.

Indikatorar på arva kapital (3 variablar, 9 kategoriar): *fars yrke* (offentleg sektor, undervisning, kultur / privat sektor, teknikar, kontorist / jordbruk, fiske, manuelt arbeid), *mors yrke* (same kategoriar som for far), *far eller mor politiske verv* (nasjonale eller regionale verv / lokale verv / ingen politiske verv).

Indikatorar på utdanningskapital og -karriere (2 variablar, 7 kategoriar): *utdanningsnivå* (ingen høgare utdanning / 1-2 år høgare utdanning / 3-4 år / 5 år eller meir), *type journalistutdanning* (Høgskulen i Oslo, Volda, Stavanger eller Bodø / anna journalistutdanning / ingen).

Indikatorar for ulike typar spesifikk kapital og profesjonell karriere (7 variablar, 33 kategoriar): *år har arbeidd som journalist* (<10 år / 10-20 år / >20 år), *har motteke journalistisk pris* (SKUP eller den store Journalistprisen / annan pris / ingen), *er/har vore i jury for journalistisk pris* (ja / nei), *er/har hatt verv i presseorganisasjonar* (nasjonalt nivå / lokal eller regional nivå / nei), *er i/har hatt stilling i øvre leiing av mediebedrift* (stor publikasjon / mindre publikasjon / nei), *er i/har hatt mellomleiarstilling i i mediebedrift* (stor publikasjon / mindre publikasjon / nei), *noverande arbeidsgjevar* (NRK nasjonalt / NRK regionalt / TV2 eller annan kommersiell kringkastar eller produksjonsselskap / VG eller Dagbladet / Stavanger Aftenblad, Bergens Tidende, Adresseavisen, Aftenposten / øvrig storbypresse / stor lokalavis / lokalavis av medium storleik / lokalavis av mindre storleik / fådagarsavis / vekepresse / fagpresse / frilansar / uoppgjeve).


Ved 12 aktive variablar (Q) og 49 aktive kategoriar (K) er den totale inertiaen (variansen) til punktskyra 3.08 ((K-Q)/Q), det er 37 (K-Q) ikkje-trivielle aksar, som gjev ein gjennomsnittleg eigenverdi på .833. Dei fem første aksane har fylgjande eigenverdiar og modifiserte ratar (Benzécri) for andel av inertia forklart av aksen (Le Roux og Rouanet, 2004:200): $\lambda_1 .1810$ (59%), $\lambda_2 .1296$ (13%), $\lambda_3 .1140$ (6%), $\lambda_4 .1131$ (6%), $\lambda_5 .1109$ (5%). Kombinasjonen av eit klart fall i eigenverdi frå akse 2 til 3 (albogeokriteriumet) og funnet at akse 3 er ustabil i høve akse 4 (Greenacre, 1984:113) talar for å avgrense analysen til dei to første aksane. Figur 1 viser utvalde aktive og supplerande punkt for analysen. For ei meir detaljert drøfting av konstruksjonen, sjå Hovden (2008: 129-150).

HOVUDSTRUKTURAR I FELTET

Det norske journalistiske feltet framstår å vere konstruert av to hovudopposisjonar. For det fyrste er feltet prega av ein samansett opposisjon mellom dei eldre og yngre journalistane (nord/sør-aksen i kartet), ein generasjonsmotsetnad som fell saman med ei rekkje sosiale og kapitalmessige skilnadar. Denne motsetnaden utgjer og ein generell *kapitalakse*, ved at journalistiske prisar, redaktørstillingar, verv i fagforeiningar og jobb i prestisjefulle publikasjonar m.m. - og slikære og posisjonar i feltet - er vanlegare blant dei eldre enn de yngre journalistane. Generasjonsskilnadarane er òg *kjønsskilnadar* - 44% av

journalistane i vanlig jobb under 35 år er kvinner, men berre 15% av dei over 50, og *mediumskilnadar* – dei yngre arbeidar oftare i kringkasting, dei eldre oftare i avisar og i fagpresse. De ulike journalistiske generasjonane skil seg òg på mange andre vis: dei er i ulike livsfasar og har ulike livsstilar (dei yngre er oftare einslige, utan born, de går oftare på kafe og er mindre interesserte i klassisk musikk osb.), og dei har svært ulike kollektive erfaringar, dels grunna generelle samfunnsendringar (td. den auka viktigheita av utdanningssystemet, ulike sjansar for å sjølv ha vakse opp med foreldre i manuelle yrke osb.) og dels knytt til endringar i journalistikken sjølv (erfaringar med partipressa, nye journalistiske arbeidsteknikkar, aukande andel som tek journalistutdanning osb.).

Figur 1. Det norske journalistiske feltet, 2005. Multippel korrespondanseanalyse, akse 1 og 2. Individ, NJ- og NR-organiserte 2005.




Som figuren antyder, har dei ulike arbeidsstadane og publikasjonane i dette rommet svært ulik tiltrekkingskraft (og inngangskrav) på journalistar etter deira kapitalsamansetting og -volum. Dette vert klårare om vi ser på korleis ulike eigenskapar varierer etter arbeidsstad (tabell 2). Slik ser ein til dømes at sjølv om journalistar i Dagbladet og VG har omlag same kjønns- og aldersfordeling som dei i dei små lokalavisene, har førenemnde ikkje berre oftare ein høgare sosial bakgrunn (dei har td. dobbel så ofte ein far med mastergrad/hovudfag, dei angjev oftare sin far som litteraturinteressert, eller å ha innehatt politiske verv på regionale eller nasjonalt nivå), men òg høgare journalistisk prestisje. Dei har meir enn dobbelt så stor sjanse til å ha vunne ein større journalistisk pris, og nesten åtte gongar så stor sjanse til å ha vore i juryen. Sameleis ser vi at journalistane i magasin og små lokalviser, som er foreint ved deira felles mangel på journalistisk kapital, skil seg mykje i viktige eigenskapar: ikkje berre er langt fleire av magasinjournalistane kvinner, oppvaksne i Oslo og har fedre med meir utdannings- og kulturell kapital, men dei er òg mindre trulege til å ha vunne ein journalistisk pris eller ha hatt verv i ein presseorganisasjon

enn førenemnde. Meir generelt ser vi òg at "the capital is the site of capital" (Bourdieu, 1999:125): ikkje berre er så og seie kvar avis nær polen av symbolsk makt lokalisert i Oslo, men også langt oftare besett av journalistar som har vakse opp i Oslo.

Dette demonstrerer og det kunstige skiljet som ofte vert gjort mellom analyser av individ og institusjonar: på same måte som samansetninga av journalistar er eit fundamentalt aspekt av institusjonen sin samla kapital og slik vekt i feltet, vil institusjonen gjennom si historie og posisjon påverke journalistane sin kapital, dels som kjelde for symbolsk kapital gjennom assosiasjon, og dels meir indirekte, som at denne sin økonomiske makt avgjer graden av spesialisering og symbolsk akkumulerande arbeid. Av denne årsak må både den føregåande korrespondanseanalysen og tabell 2 oppfattast som to indirekte uttrykk for den same underliggende totalitetten utgjort av det journalistiskefeltet, ein abstrakt men høgst verkeleg struktur - og meir verkeleg enn dei kvardagslege kategoriane som aktørane sjølv nyttar for å skildre seg, som "journalist" og "profesjon" (jfr. Bourdieu, 1996b:264).

Figur 2. Element av ein norsk journalistisk kosmologi¹¹.



Kjelde: Hovden (2008: 196)

¹¹ Figuren er konstruert på basis av ei lesing av korleis journalistane sine posisjonstakingar fordeler seg i feltkonstruksjonen i figur 1 (i form av passive punkt (jfr. Le Roux og Rouanet, 2004:204). I motsetnad til tradisjonelle framstillingar av MCA vert her synt berre den generelle vektorretninga (mot nedre venstre, mot toppen osb.), ikkje dei presise koordinatane for enkelpunkt. Samstundes er informasjonen på fleire spørsmål forsøkt samanfatta til å antyde meir generelle disposisjonar, noko som sjølv sagt må medføre ein stor grad av tolking (figuren har slik eit klart innslag av det Bourdieu (1984a:452) kallar eit "teoretisk skjema").

Tabell 2. Utvalde eigenskapar ved journalistar ved ulike institusjonar. NJ- og NR-organiserte 2005. Prosent¹².

	NRK Oslo/nasjonal	NRK Distrikt	TV2	Anna kringkasting	VG / Dagbladet	Anna storby-presse ^a	Store regionale aviser ^b	Store lokale aviser ^c	Små lokale aviser	Magasin/Vekeblad	Fagpresse
N=	99	74	40	40	82	94	56	105	236	73	43
% Kvinner	52	35	43	48	32	37	30	33	30	51	43
Fødselsår											
<1950	14	14	9	1	6	14	25	21	12	19	19
1950-59	23	20	15	13	30	23	31	23	23	17	39
1960-69	37	35	23	15	29	24	29	22	26	26	33
1970-	27	30	52	71	35	39	15	33	39	38	9
Fars utd.nivå											
Ingen høgare utd.	29	52	51	46	42	55	57	66	61	50	66
Hovudfag el.l.	24	15	17	10	21	17	7	10	9	21	12
1-4 år høgare utd.	47	33	32	44	37	28	36	24	30	29	22
Fars yrke											
Politikar / offentleg tenestemann	12	5	9	0	9	4	12	4	8	4	3
Bedriftsleiar / sjølv. næringsdrivande	13	15	7	12	15	12	13	13	11	10	13
Naturvitar, økonom eller jurist	11	7	18	7	7	10	2	3	6	15	6
Lærar i vidareg.	14	8	3	11	11	8	4	7	5	9	4
Ingeniør / teknikar	9	9	6	18	10	6	8	13	3	11	12
Lærar i grunnsk.	8	8	12	11	6	3	2	4	10	0	3
Kontorist	9	3	3	13	12	7	7	8	8	4	6
Journalist og relaterte yrke	6	2	3	0	6	11	13	6	3	9	4
Primærnæring	3	5	15	4	7	6	7	9	8	7	8
Handverkar	1	15	7	3	9	13	7	10	11	12	15
Maskinarbeidar eller ufaglært i industrien	7	17	12	15	6	11	12	11	15	11	12
Militære	7	8	6	6	2	7	13	13	11	9	14
Far politiske verv											
Lokalplan	8	15	12	14	17	14	9	12	16	15	19
Regional / landsplan	4	4	4	3	9	7	11	3	5	4	4
Utdanningstype											
Humanistisk	33	32	39	31	27	26	27	25	22	42	20
Samfunnsvitskapleg	62	70	60	81	57	57	36	56	42	35	50
herunder journalistikk	45	31	23	50	39	37	22	36	27	26	31
Pedagogisk	8	8	6	1	2	5	15	6	10	8	11
Annan	3	9	9	4	5	12	5	5	9	7	13
Journalistisk erfaring											
>20 år	22	30	16	8	42	30	56	41	25	29	39
10-20 år	46	36	41	20	37	36	28	32	40	38	38
<10 år	32	34	43	72	21	34	16	26	35	33	23
Journalistpris											
Fått større pris ^d	2	2	3	0	12	6	2	7	5	3	4
Fått mindre pris	13	11	6	10	10	8	10	6	7	7	14
Jury for pris	4	4	1	2	7	2	1	2	2	3	4
Verv i NJ	37	58	26	18	37	39	41	55	52	29	55
Inntekt (tusen)											
<300 NOK	12	9	14	30	10	4	0	20	22	16	17
300-500 NOK	69	85	31	54	23	62	46	65	63	52	72
>500 NOK	19	6	54	16	67	33	54	14	15	32	11

a) Inkluderer også telegrambyrå og andre aviser med nasjonale rekkevidde om enn ofte medium storleik, som Klassekampen, Morgenbladet, Vårt Land og Dagens Næringsliv. b) Aftenposten, Stavanger Aftenblad, Adresseavisen og Bergens Tidende. c) Lokale aviser med under 6 registrerte medlemer i NJ vert rekna som små, elles som store. d) Den store journalistprisen, Narvesen-, Hirschfeld- eller SKUP-pris.

¹² For eit meir omfattande tabellverk, sjå Hovden(2008:146-150).

ELEMENT AV EIN NORSK JOURNALISTISK KOSMOLOGI

Denne særskilde maktstrukturen, der journalistar er plassert i ulike gradar av dominerande og dominerte relasjonar (eller "journalistiske klasser") *valoriserar* - for å låne eit omgrep frå Gaston Bachelard (1938) - det symbolske rommet av journalistiske praksisar. Slik Bourdieu i *Distinksjonen* (1984a) demonstrerer korleis kulturelle praksisar får sin sosiale verdi gjennom plasseringa i det sosiale rommet, er det norske journalistiske feltet sitt *sosiale kosmos* gjennom historiske stridar mellom ujambyrdige agentar dels reflektert i form av eit *heilag kosmos*, ein symbolsk orden der ulike typar journalistikk og journalistar er hierarkisk ordna i høve indre verdi (jamfør td. skiljet mellom den låge statusen til mange formar for "kulturjournalistikk" assosiert med magasinpressa og kvinnelege journalistar, kontra den høgare statusen til nasjonal politisk journalistikk).

I siste instans framstår dette hierarkiet i stor grad attspegle hovudlogikken i det norske sosiale rommet: Som allereie nemnd er journalistikken sitt symbolske hierarki er også eit sosialt hierarki, og omvendt er det også klare parallellear (homologiar) mellom den indre verdien av ulike journalistiske spesialiseringar og publikasjonar, og deira plassering i det sosiale rommet av lesarar og kjelder (jfr. (Hovden, 2008:66-71)). I figur 2 er forsøkt antyda nokre grove element i ein norsk *journalistisk kosmologi*, der hovudretningane i figuren grovt samsvarar med strukturen til det journalistiske feltet som skissert i figur 1. Av omsyn til plass vil eg berre antyde nokre generelle tendensar.

Ein kan slik identifisere ein karismatisk elite (ofte redaktørar eller spaltistar i dei største nasjonale publikasjonane, eller leiarar for sentrale journalistiske institusjonar) i øvre venstre sektor av feltet som er dei sentrale fortolkarane av den heilage journalistiske tradisjonen og feltet sine kanoniske tekstar (i fyrste rekje *Vær-varsam-plakaten* og *Redaktørplakaten*), og som ved sin posisjon er i stand til å utøve stor symbolsk makt og påverke dei symbolske hierarkia og grensene i feltet (spørsmålet om verdige og uverdige praksisar) gjennom deira nærvær i nasjonale media, i juryar for journalistiske prisar og i sentrale organisasjonsverv, og elles alle stadar journalistikken sitt *nomos* (Berger, 1967:24; Bourdieu, 1996a:264) er debattert. Saman med den øvre middelklassen av journalistisk karisma (til venstre) framstår dei vere karakterisert av eit relativt intenst og intellektualisert journalistisk-religiøst liv, med ein personleg etikk for journalistikken sin frelse og sterkt *illusio* (Bourdieu, 2001:164), ei kjensle av å "vere ein journalist" og å identifisere seg med "samfunnsoppdraget" til pressa. Dei har oftare karismatisk-kreative ideal for si verksemd, og står i antagonistisk relasjon til andre sosiale elitar, med sterke, nesten Braminske reinheittabu knytt til kontakt med desse. Dette står i sterkt kontrast til folkereligiøsitet til dei journalistiske massane, som i mindre grad framstår vere personleg engasjert i elitane sine journalistiske ideal. Særskild dei mest dominerte journalistane framstår med Weber sin term vere "religiøst umusikalske" og i nokre høve endå til kjetterske (som å vere usamd i viktige av uavhengig journalistikk), og å ha ei svakare kjensle av å "vere ein journalist". Ofte er dette unge personar i kortvarige engasjement, med uheroiske arbeidsoppgåver som gjer det vanskeleg å identifisere seg med statuselite sine proklamasjon av felles ideal og krav til journalistar.

Til denne opposisjonen mellom venstre og høgre side av feltet, mellom det journalistiske heilage og vanheilage, journalistisk reinsle og ureinsle, er det ein topp-botn opposisjon (knytt til volum av journalistisk kapital) som skil dei yngre og dei eldre journalistane (og menn og kvinner) og ulike ideal for journalistikken: mellom ein journalistisk universalisme (at same ideal bør gjelde for alle, alle journalistar bør ha same grunnkompetanse o.l.) versus ein journalistisk pluralisme. Dei eldre insisterer også sterkt på tradisjonelle ideal for objektivitet og nøytralitet i journalistikken, noko som kan ha samanheng med erfaringar med partipressa, men mogleg også mindre forståing av at journalistisk praksis nødvendigvis må ha politiske effektar.

JOURNALISTISK KARISMA OG FELTET SIN SYMBOLSKE ØKONOMI

PÅ JAKT ETTER DEN JOURNALISTISKE KAPITALEN

Så langt har eg nytta omgrepet "journalistisk kapital" for å antyde indre anerkjenning og prestisje blant journalistar. Dette vert likevel lett ei svart boks som krev nærmare spesifisering: Kva typar tilgangar og førestillingar er knytt til slik "journalistisk karisma", og korleis vert slik karismatisk makt utøvd? Skil "journalistisk karisma" seg grunnleggande frå karismaen knytt til andre typar felt? (det akademiske, det politiske, kunstfeltet etc.)? I siste rekke er spørsmålet om det særeigne ved denne symbolske kapitalen også eit spørsmål om det journalistiske feltet sin autonomi.

Dette krev fyrst ei omgrepsmessig avklaring. Journalistisk kapital er ei form for makt i feltet med eigenskapar¹³ av det Bourdieu (1991:170) kallar *symbolsk kapital*. På liknande vis som i andre felt, har den historiske framveksten av det norske journalistiske feltet gått hand i hand med framveksten av særeigne journalistiske karismatiske ideal - idear om den "gode journalist", "den store redaktør", "den gode penn" osb. I motsetnad til pengar eller utdanningspapir er slik symbolsk kapital utan formelle veksleordningar, men er knytt til eigenskapar og tilgangar som gjev ei meir eller mindre "udiskutabel" anerkjenning hos dei fleste feltdeltakarane ("ein uvanleg god journalist", "eit journalistisk geni" osb.). Journalistisk kapital gjev slik innehavarane noko nært det Weber (1988b:268) kalla *karismatisk autoritet*, eit herredøme over menn "som dei herska underkaster seg ved deira tru på dei ekstraordinære kvalitetane til ein spesifikk person". Noko av det særeigne med symbolsk kapital er slik ei viss *blindheit* for *kapitalen som kapital*: 1) At journalistisk ære også er "akkumulert arbeid" og krev tid for å opparbeide, 2) at alle deltakarar ikkje har like muligheter til å opparbeide seg slik symbolsk kapital (og den er slik ikkje utan vidare "fortent" utifrå karismatiske førestillingar om uvanlege journalistiske "evner"), og 3) at slik ære er sentral for tilgang til sentrale posisjonar i feltet og utøving av symbolsk makt med strategiske føremoner.

Gjeve sitt karismatiske preg er denne kapitalen vanskeleg å gripe. Kva er "god journalistikk" og "ein god journalist" i journalistane sine auger? Der lærebökene lister opp klare kriterie for nyheitsverdiar (vesentlegheit, konflikt, konsekvens osb.) er "journalistiske vurderingar" som Stuart Hall (1972) har påpeikt, i praksis svært vase og tilnærma uformulerbare ("All 'true' journalists are supposed to possess it: Few can or are willing to define it"). Noko av det same er illustrert av Hoyer og Ihlen(1998) sine studiar av jobbutlysingar for norske journalistar: krav til konkret kompetanse var så og seie fråverande, til fordel for tilnærma sjamanistiske¹⁴ kvalitetar ("nase for nyheter", "svolten" osb.).¹⁵

EKSEMPLARISKE JOURNALSTAR

Ein veg til å forstå nokon av den journalistiske kapitalen sine særtrekk er via norske journalistar sine rollemodellar og prisvinnarar. Tabell 3 lister opp dei 50 oftast nemnde førebileta gjeve i surveyen i 2005, og antydar nokon underliggende klassifiserande prinsipp.

Tabell 3. Journalistiske rollemodellar. Topp 50 rangert etter popularitet. NJ- og NR-organiserte, 2005. Prosent av total¹⁶.

Hegge, Per Egil (Aftenposten) 7,4 %	Geelmuyden, Nils C. (DN) 0,8 %	Johansen, Jahn Otto (NRK) 0,5 %
Osvold, Sissel B. (Dagbladet) 5,1 %	Hafstad, Anne (Aftenp.) 0,8 %	Kapuscinski, Ryszard 0,5 %
Valebrokk, Kåre (TV2) 3,0 %	Bye, Erik (NRK) 0,7 %	Mannes, Siri Lill (TV2) 0,5 %
Grosvold, Anne (NRK) 2,7 %	Fisk, Robert 0,7 %	Olufsen, Bernt (VG) 0,5 %
Stangehelle, Harald (Aftenp.) 2,7 %	Woodward/Bernstein 0,7 %	Østlie, Kjetil (Aftenp.) 0,5 %
Steinfeld, Hans-W (NRK) 2,5 %	Borch, Christian (NRK) 0,7 %	Botnen, Bjarte (Vårt Land) 0,4 %
Kristansen, Tomm (NRK) 2,1 %	Engdal, Eskil (DN) 0,7 %	Børde, Håkon (NRK) 0,4 %
Holm, Arne O. (NRK) 1,5 %	Jacobsen, Alf R (NRK) 0,7 %	Egeland, John Olav (Dagbl.) 0,4 %
Skouen, Arne (Dagbladet) 1,4 %	Pilger, Jon 0,7 %	Guillou, Jan 0,4 %
Sørbø, Kari (NRK) 1,3 %	Borgen, Erling (NRK) 0,6 %	Hansson, Steinar (Dagsavisen) 0,4 %
Seierstad, Åsne (freelancer) 1,2 %	Braanen, Bjørgulg (Klassek.) 0,6 %	Helskog, Gerhard (TV2) 0,4 %
Simonsen, Marie (Dagbladet) 1,2 %	Duckert, Hege (Dagbladet) 0,6 %	Lægreid, Erling (NRK) 0,4 %
Wallraff, Günther 1,2 %	Olsen, Inger Anne (Aftenp.) 0,6 %	Moore, Michael 0,4 %
Forr, Gudleiv (Dagbl.) 1,0 %	Steinsland, Tonje (TV2) 0,6 %	Nilsen, Fritz (NRK) 0,4 %

¹³ Ei vanleg misforståing er å sjå symbolsk kapital som ein type kapital som står i eit motsetningstilhøve til andre kapitalformer, men det er meir korrekt å sjå dette som ei form kapital i den grad den er miskjend som kapital. Td. er Weber (1988a) si skildring av ideen om økonomisk suksess som prov på guddommeleg utveljing i den protestantiske etikken eit godt døme på at økonomisk kapital kan fungere som symbolsk kapital.

¹⁴ Jamfør td. parallellane til Fredrik Barth (1994) si beskriving av trålbasen som ein moderne sjaman.

¹⁵ Om sistnemnde nok òg attspeglar den store variasjonen i utdanning- og karrièrevegar til yrkesområdet, fortel det noko om viktigheita av slik "taus kunnskap" i journalistikken, som i all profesjonsutøving (jfr. (Dreyfus, Athanasiou et al., 1986).

¹⁶ I spørjeskjemaet vart journalistane bedne om å oppgje "to personer som du mener er gode journalistiske forbilder". 54% oppgav minst eit navn, 10% svarte ikkje på spørsmålet, 22% sa at dei ikkje hadde nokon slike førebilete og 13% at dei ikkje kom på nokon namn. Prosentane i tabellen er utrekna frå alle som har levert skjema, uavhengig av om dei som har oppgjeve ein rollemodell.

Hansen, Bjørn (NRK) 1,0 %	Thompson, Hunter S 0,6 %	Nordahl, Bjørn Olav (DN) 0,4 %
Kokkvold, Per Edgar (NP) 1,0 %	Tønset, Arne Egil (NRK) 0,6 %	Olsen, Knut (NRK) 0,4 %
Omdal, Sven Egil (SA) 0,9 %	Hegnar, Trygve (Kapital) 0,5 %	

Eit fyrste slåande trekk ved lista er variasjonen: den uredde krigsjournalisten, den gravande journalisten, kommentatoren med den skarpe og gode penn, den pågåande TV-debatteliaren, kulturpersonen osb. Til ein viss grad kan ein nok slik sjå den journalistiske kapitalen som dels beståande av nokså ulike og dels motstridande undergrupper av symbolsk kapital (og slik, ulike karismatiske førestillingar)¹⁷. Vidare ser vi at nesten alle nemnde førebilete er norske: Berre ein av dei 50, Guillou, er frå eit anna nordisk land, noko som truleg kan lesast som ein indikator på feltet sin nasjonale karakter. For det andre er det ei markert preferanse for eldre journalistar (dei ti fyrste hadde ein snittalder på 59 år), noko som ikkje er overraskande gjeve at kapital først av alt krev tid å akkumulere (Bourdieu, 1986:600). Alder er likevel underordna kapitalen akkumulert, og relativt unge journalistar kan gjennom symboltungt arbeid verte introdusert (om ofte flyktig) i journalistane sin *panteon* (Åsne Seierstad er eit nærliggande døme). Journalistane er òg ofte kjennemerka ved tunge æresdistinksjonar: Av dei ti oftast nemnde hadde fem vunne *Den store journalistprisen* (Osvold, Grosvold, Stanghelle, Kristiansen, Holm), tre ein av prisen sine forlauparar, *Narvesen-* og *Hirschfeld*-prisen (Hegge, Steinfeld, Skouen) og to *SKUP-prisen* for undersøkande journalistikk (Stanghelle, Holm).

Vi ser òg at dei fleste førebileta i mange år har hatt høgt profilerte posisjonar i ein (og ofte fleire) nasjonale (Oslo-) media, særskild i nyheits- og dei politiske avdelingane til Dagbladet, Aftenposten og NRK TV. Dei jobbar i tradisjonelle nyheitssjangrar (utanrikskorrespondentar og nyheitsanker er særskild overrepresenterte), og er ofte kommentatorar og redaktørar av politisk- eller samfunns/kulturrelatert stoff. Førebileta representerer slik på ingen måte eit tilfeldig utval av journalistiske publikasjonar eller journalistisk verksemd, men kjem frå dei mest prestisjefulle posisjonane i feltet. Samstundes varierer førebileta òg med eigen posisjon i feltet, ein type Anaximander-effekt¹⁸, der journalistar er meir trulege til å velje rollemodellar som liknar på seg sjølv i høve alder, kjønn, medium og spesialisering (m.a.o. kapitalsamansetjing). Ein mannleg journalist i sekstiåra er td. 15 gongar meir truleg til å nemne Per Egil Hegge enn ein kvinneleg journalist i tredveåra.

EIN KARISMATISK ØKONOMI

At dei fleste førebileta arbeidar i store nasjonale media fortel oss noko viktig om feltøkonomien: ei stor nasjonal avis, i motsetnad til ei lokalavis, kan grunna mange fleire lesarar (og slik høgare inntekt) ha råd til å ha fleire tilsette, ein langt høgare grad av journalistisk spesialisering (td. å tilsette eigne kommentatorar for politikk og kultur), og sette fleire medarbeidarar til å arbeide med ei sak over lengre periodar. At slike ting openbart aukar sjansane dramatisk for å vinne journalistiske prisar syner korleis ein publikasjon sin økonomiske kapital kan konverterast nokså lett til symbolsk kapital (frå ei "stor avis" til "viktig/god avis"). Ei stor avis kan òg tilby sine tilsette betre løn og eit stort publikum (og endå viktigare, moglegheita til å ha eit konstant nærvær blant andre journalistar, og slik danne basis for ein *sosial kapital* som er viktig når posisjonar og prisar skal besettast), og slik tiltrekke seg journalistar som igjen bidreg med sin symbolske kapital. Konvertering skjer og andre vegen (frå symbolsk til økonomisk kapital), både på individnivå (td. i betra jobb- og løns-muligheter for ein prisvinnande journalist) og på publikasjonsnivå (som i eit betre produkt og difor større publikum, eller i økonomiske føremuner knytt til statleg subsidiepolitikk).

Dette illustrerer truleg eit særskild kjennemerke med det norske journalistiske feltet - og det ein kan kalle *heteronyme felt* meir allment: I motsetnad til dei mest autonome intellektuelle felta, der symbolsk og økonomisk kapital langt på veg framstår som motsetnadsfulle og uforeinlege, er den symbolske og økonomiske kapitalen i det norske journalistiske feltet i stor grad to sider av same mynt, lett å konvertere og i eit sterkt gjensidig avhengigheitstilhøve. Dette bidreg til ei viss *mystifisering* av at symbolsk (heilag) makt i det journalistiske feltet oftast kviler på økonomisk (verdsleg) makt, og gjev dei store publikasjonane og journalistane som jobbar i dei det Bourdieu (1990:133) med ei utviding av Weber sitt omgrep kallar "a

¹⁷ Dette er neppe særmerkt for feltet: Alle sosiale felt er jo per definisjon eit rom av stridar om feltet sine grenser og slik også den symbolske kapitalen sin karakter. Den svært store pluralismen i det journalistiske feltet er likevel påfallande, og kan tolkast som utrykk for ein svak autonomi.

¹⁸ Anaximander (ca. 600 F.Kr) sa ein gong at dersom løver, hestar og oksar kunne teikne, ville dei teikne Gud som henhaldsvis løve, hest og okse.

theodicy of their own privilege". Ein vil og vente at dette er ein situasjon som gjer feltet prega av strukturell *allodoxia* (å mistake ein ting for ein annan), som å mistake økonomisk suksess (eit stort publikum) for symbolsk suksess (intern prestisje) og ein demokratisk suksess (oppfylling av samfunnsoppdraget), og slik ei grunnleggande svakheit vis-à-vis det økonomiske feltet.

Dette illustrerer òg eit anna poeng, at journalistisk konkurranse alltid er *samstundes* økonomisk og symbolsk. I strid med påstandar om at økonomiske perspektiv no vert stadig viktigare for å forstå norsk journalistikk (td. (Roppen, 2004) er framveksten av eit norsk journalistisk felt derimot eit argument for at medieøkonomiske praksisisar alltid må sjåast som del av ein meir generell sosiologi av journalistisk praksis.

JOURNALISTISKE PRISAR OG SYMBOLSK VALD

Studerer ein dei mest prestisjefulle journalistiske prisane, er logikken ikkje uventa svært lik den skissert ovanfor for dei nemnde førebileta: Typiske prisvinnarar er sjefsredaktørar og journalistar i prestisjetunge spesialiseringar (underredaktørar, kommentatorar og andre) som arbeider med utanriks-, politikk-, økonomi- og samfunnsstoff, ofte i NRK, Dagbladet og Aftenposten (Hovden, 2008:190-193).

Som prisar flest, har journalistiske prisar mange funksjonar, uavhengig av dei medvitne formål for dei som deler dei ut. Dei løner ikkje den typiske journalistikken, men *unntaka* frå verdsleg journalistisk arbeid, det er "journalistikks beste klær" (Schultz, 2005:156-8), og kan slik bidra til å oppretthalde trua på at det journalistiske samfunnsoppdraget som ein heilag baldakin (jfr. (Berger, 1967:33)) overheng og heilaggjer òg den mest profane journalistiske kvardagen, etter liknande måte som Mauss (2001:117) påpeiker at trollmenn i tradisjonelle kulturar ofte er klar over mangelen på eigne magiske evner, men trur på *andre* sin magi. Samstundes er slike prisar eit *institusjonsrite* (Bourdieu, 2000:243) som ikkje berre befester mottakaren sin opphøgde status i gruppa, men òg jurymedlemene sin opphøgde status med ein rett til å felle dom.

Journalistiske priser er slik ikkje berre hyggelige feiringar av framståande kollegaer, dei er òg eit viktig døme på *klassifiserande strider* knytt til kampen om den symbolske kapitalen og er ei handling som alltid må ha eit sterkt innslag av det Bourdieu (2000:170) kallar *symbolisk vald*. Under dekke av å dele ut "generelle" priser er jurymedlemmene i ein privilegert posisjon til fremje sitt syn på kva som er "ekte journalistikk" og ikkje (noko som alltid er eit synspunkt frå ein ståstad i feltet og til ein viss grad arbitrær). Ved å slik skilje "verdige" frå utelatne og difor "uverdige" praksisar og deltagarar i feltet (som sports- og magasinjournalistikk) bidreg prisane til å oppretthalde eit *symbolisk hierarki*, og indirekte jurymedlemmene sin eigen posisjon, ved å svært ofte feire folk som liknar på seg sjølv, med liknande investeringar og saksfelt (jurymedlemer er svært ofte tidlegare prisvinnarar).

Dette illustrerer og ei meir allmenn utfordring for alle forskarar av "profesjonar": journalistar eksisterer ikkje. "Journalist" er ingen vitskapleg kategori, men ein sosial kategori nedfelt i språket som gjennom rutinisering fått eit skin av sanning (jfr. (Durkheim, 1964:18)). Dels er dette problemet openbart ved å sjå på historikken: nemninga "journalist" har alltid vore omstridd og skiftande, som tydleggjord ved dei skiftande medlemskriteriene i dei journalistiske organisasjonane, der grupper utanfor den tradisjonelle dagspressa har måtte kjempe for å få innpass i journalistiske organisasjonane, og andre har vorte regelrett ekskluderte¹⁹). Likande stridar om kven som er "ekte" journalistar og driv "ekte journalistikk" (og ikkje) kan ein finne att som *leitmotif* i mange av dei argaste debattane blant journalistar, td. i spørsmålet om Se og Hør etter ei omlegginga i 2003 av kunne kalle seg ei avis og slik sleppe moms (Hovden, 2008:170-171). Sistnemde debatt illustrerer òg svært godt eit anna kjennemerke ved journalistikken sin feltkarakter, ved at tilsynelatande juridiske og administrative problemstillingar i feltet sin logikk raskt vert omgjort til ei kosmisk hending, som manar gamle antagonistar ut i ein strid kjempa med bipolare klassifikasjoner: "journalistikk" kontra "underhaldning", "demokratiske forpliktingar" kontra "rein kommersiell verksamhet", "aviser" kontra "magasin", eller med andre ord, ein strid om dei verdige og uverdige, reint og ureint, heilag og verdsleg. Utan ei klar forståing av denne grunnstriden i journalistikken vert forskaren òg lett ein utøvar av symbolsk vald gjennom å berre omgjere hegemoniske klassifikasjoner til vitskaplege beskrivningar.

19 NRK-arbeidarar vart akseptert som medlemer i NJ frå 1947, men berre dersom deira hovedyrke var å ”redigere dagsnytt og drive reportasje”. Sportsreportarar sitt medlemskap var debattert heftig fram på femti-talet, og journalistar frå ”den periodiske presse” vart ikkje kollektivt akseptert av Norsk presseforbund før 1964 (Ottosen, 1996:250-252). ”Informatørar” vart ekskluderte kollektivt frå medlemskap i NJ etter årsmøtevedtak i 1997 (ei hending omtalt av Odd Raaum (1999:40) som ei ”etisk rensing”).

LITTERATUR

- Allern, S. (2001). Nyhetsverdier : om markedsorientering og journalistikk i ti norske aviser. Kristiansand: IJ-forlaget.
- Aarebrot, F. (2003). Når presse og publikum spriker. Foredrag *Media 2000*, Bergen.
- Bachelard, G. (1938). *La formation de l'esprit scientifique : contribution à une psychanalyse de la connaissance objective*. Paris: J. Vrin.
- Barth, F. (1994). 'Modeller av sosial organisasjon', i *Manifestasjon og prosess* (s. 31-45). Oslo: Universitetsforlaget.
- Berger, P. L. (1967). *The Sacred Canopy: Elements of a Sociology of Religion*. New York: Anchor Books.
- Bourdieu, P. (1971a). 'Genèse et structure du champ religieux', *Revue française de sociologie* 3: 295-334.
- Bourdieu, P. (1971b). 'Une interprétation de la théorie de la religion selon Max Weber', *Archives européennes de sociologie* 1: 3-21.
- Bourdieu, P. (1984a). *Distinction : a social critique of the judgement of taste*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Bourdieu, P. (1984b). 'La délégation et le fétichisme politique', *Actes de la recherche en sciences sociales* 53-54: 49-55.
- Bourdieu, P. (1984c). 'Le hit-parade des intellectuels français ou qui sera juge de la légitimité des juges?', *Actes de la recherche en sciences sociales* 52-53: 95-100.
- Bourdieu, P. (1986). 'The Forms of Capital', i J. G. Richardson. *Handbook for Theory and Research for The Sociology of Education* (s. 241-258). New York: Greenwood Press.
- Bourdieu, P. (1988). *Homo academicus*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1990). *The Logic of Practice*. Oxford: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1991). 'On symbolic power', i *Language and symbolic power* (s. 163-170). London: Polity.
- Bourdieu, P. (1993). 'The production of belief', i *The Field of Cultural Production* (s. 74-111). Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1994). 'L'emprise du journalisme', *Actes RSS* 101-102: 3-9.
- Bourdieu, P. (1996a). *The rules of art : genesis and structure of the literary field*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1996b). *The state nobility : elite schools in the field of power*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1996c). *Sur la télévision. Le champ journalistique et la télévision*. Paris: Collège de France.
- Bourdieu, P. (1999). *The Weight of the World : social suffering in contemporary society*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, P. (2000). *Pascalian meditations*. Oxford: Polity Press.
- Bourdieu, P. (2001). 'Habitus, Herrschaft und Freiheit', i M. Steinrücke. *Wie die Kultur zum Bauern kommt. Über Bildung, Klassen und Erziehung* (s. 162-173). Hamburg: VSA-Verlag.

- Bourdieu, P. og B. Krais (1991). "Meanwhile, I have come to know all the diseases of sociological understanding", i P. Bourdieu, J.-C. Chamboredon og J.-C. Passeron. *The Craft of Sociology* (s. 247-259). Berlin: de Gruyter.
- Broady, D. (2002). 'French prosopography', *Poetics* 30: 381-385.
- Champagne, P. (1990). *Faire l'opinion*. Paris: Minuit.
- Champagne, P. (1991). 'La construction médiatique des malaises sociaux', *Actes de la recherche en sciences sociales* 90: 64-75.
- Dreyfus, H. L., T. Athanasiou, et al. (1986). *Mind over machine : the power of human intuition and expertise in the era of the computer*. New York: Free Press.
- Durkheim, É. (1964). *The Rules of Sociological Method*. New York: Free Press.
- Durkheim, É. (1997). *The division of labor in society*. New York: Free Press.
- Eide, M. (2000). *Den redigerende makt : redaktørrollens norske historie*. Kristiansand: IJ-forlaget/Høyskoleforlaget.
- Golding, P. og P. Elliot (1979). *Making the News*. London: Longman.
- Golding, P. og G. Murdoch (1991). 'Culture, Communications, and Political Economy', i J. Curran og M. Gurevitch. *Mass Media and Society* (s. 77-92). London: Edward Arnold.
- Greenacre, M. (1984). *Theory and applications of correspondence analysis*. London: Academic Press.
- Gulbrandsen, T., F. Engelstad, et al. (2002). *Norske makteliter*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Hall, S. (1972). 'The Determination of News Photographs'. Working Papers in Cultural Studies 3. Birmingham, University of Birmingham:
- Hjellbrekke, J. og O. Korsnes (2005). 'Sosial kapital-strukturar i norske elitar', *Tidsskrift for samfunnsforskning* 4: 467-498.
- Hjellbrekke, J., O. Korsnes, et al. (2007). 'The Norwegian Field of Power anno 2000', *European Societies* 2: 245-273.
- Hovden, J. F. (2008). *Profane and Sacred. A Study of the Norwegian Journalistic Field*. Institute for Information and Media Studies. Bergen, University of Bergen. Dr. polit.-avhandling. [<http://hdl.handle.net/1956/2724>].
- Høst, S. (1996). *Aviskonkurransen : nye og gamle teorier belyst gjennom A-pressens utvikling*. Fredrikstad: Institutt for journalistikk.
- Høstaker, R. (1997). *University Life: A Study of the Relations Between Political Processes and Institutional Conditions in Two University Units*. LOS. Bergen, University of Bergen. Dr. polit.-avhandling.
- Høyler, S. og Ø. Ihlen (1998). 'Journalisters utdanning og yrkeserfaring. Et historisk tilbakeblikk', *Norsk medietidsskrift* 2.
- Jambu, M. (1991). *Exploratory and Multivariate Data Analysis*. London: Academic Press.
- Le Roux, B. og H. Rouanet (2004). *Geometric Data Analysis*. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.

- Le Roux, B., H. Rouanet, et al. (2000). 'The Geometric Analysis of Questionnaires: The Lesson of Bourdieu's La Distinction', *Bulletin de Méthodologie Sociologique* 65: 5-15.
- Lorentzen, P. E. og S. Høyler (1976). *Norske journalister: Et gruppeportrett*. Oslo, Maktutredningen.
- Lysbakken, A. (2009). *Middelklassens speil*. Morgenbladet, 13. februar. Oslo.
- Mauss, M. (2001). *A general theory of magic*. London: Routledge.
- Ottosen, R. (1996). *Fra fjærpenn til Internett : journalister i organisasjon og samfunn*. Oslo: Aschehoug/ Norsk journalistlag.
- Raaum, O. (1999). *Pressen er løs! Fronter i journalistenes faglige frigjøring*. Oslo: Pax.
- Roppen, J. (2004). *Medieindustrien. Innføring i medieøkonomi*. Oslo: Samlaget.
- Schlesinger, P. (1978). *Putting "reality" together : BBC news*. London: Constable.
- Schultz, I. (2005). *Bag om nyhetskriteriene*. Institut for Kommunikation, Journalistik og Datalogi. Roskilde, Roskilde Universitetscenter.
- Slaatta, T. (2003). *Den norske medieorden : posisjoner og privilegier*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Weber, M. (1978). *Economy and society*. Berkeley: UCP.
- Weber, M. (1988a). 'Die protestantische Ethik und der Geist des Kapitalismus', i *Gesammelte Aufsätze zur Religionssoziologie I* (s. 17-206). Tübingen: Mohr.
- Weber, M. (1988b). 'Die Wirtschaftsethik der Weltreligionen', i *Gesammelte Aufsätze zur Religionssoziologie I* (s. 237-573). Tübingen: Mohr.
- Weber, M. (1988c). 'Politik als Beruf', i *Gesammelte Politische Schriften* (s. 505-560). Tübingen: Mohr.
- White, D. M. (1950). 'The Gatekeeper', *Journalism Quarterly* 27: 383-90.